

Referat frå møtet i rådmannsutvalet 11. desember 2020 kl. 12.00-16.20 på Nutheim Gjestgiveri i Seljord

Desse møtte:

Jan Myrekrok, Vinje kommune
John Kleiv, Tokke kommunme
Frid Berge, Seljord kommune
Une Marit Tangen, Fyresdal kommune
Øystein Tveit, Kviteseid kommune
Sverre Sæter, Nissedal kommune
Anne Aasmundtveit, Vest-Telemarkrådet

Møtet starta med lunsj kl 12

DigiTV

Orientering frå prosjektleiar Carolina Toll i DigiTV, som deltok på teams, om status for prosjektet.

Kort presentasjon av forprosjektet

- Leveransar i forprosjektet
- Mandat og milepæler

Sjå vedlagte pdf Carolina sin presentasjon

Samhandlingsplattform: for informasjonsutveksling, involvering og medverknad- det skal skapast full transparens.

Anne sender epostadresse til dei som er digi.ansvarleg i kvar kommune.

Handlar mykkje om prosessforståing og prosessending, ikkje bare teknisk. Endringsleiing er nykjelordet.

- Tokke og Nissedal har gjennomført kartlegging av digital modenhet. Oppmodar dei fire andre til å gjennomføre den, innan den tredje veka i januar. Gjennomgang av digitaliseringstrappa .
- Kartlegging i bruk av nasjonale fellesløysinger/tenester.

Vest-Telemarkkommunane ga tilbakemelding om at dei skal vera ajour innan utgangen av januar 2021.

Pareto forsikringsmegling

Orientering frå Pareto forsikringsmegling V/Vegard Mjelva Finsæther og Lars Wessel Johnsen, som deltok på Teams, om marknaden/anbodsresultatet + sikkerhetsledelse

Kort orientering om m.a:

- forsikringsmarknaden hausten 2020.
- resultat frå anbodskonkurransen for TIK
- premieutviklinga i Noreg 2011-2020
- Oppmoding om å tenke skadeførebyggande

Sikkerhetsnivået i kommunale bustader må bli tilpassa funksjon

- Brannrisiko i kommunale utleige bygg, sjå Sikkerhetsforskrift P854 Kommunale utleieboliger
- Sikkerhetsforskrift P854 Generell sikring 12.1


Sjå utsendte presentasjonar frå Paret

Ynskjeleg med møte med driftsansvarlege ut på nyåret. Det vert avklare om det blir på teams eller fysisk møte med høve til synfaring.

Telemark innkjøpssamarbeid

Orientering frå Telemark innkjøpssamarbeid V/Silje Larsen Ulverød og Kåre Riseng, som deltok på teams, om status i samarbeidet

- Kort presentasjon av Telemark innkjøpssamarbeid



- Vidareutvikling av samarbeidet ved å inkludere fleire kommunar, fagleg samarbeid med andre, samarbeid med andre om enkeltanskaffingar, inkludere kommunale selskap og foretak.
- Felles innkjøpsreglement – og strategi
- Innkjøpsprosess
 - o Delt inn i 3 bolkar:
 - Avklare behov
 - Konkurransgjennomføring
 - Kontraktsoppfølging
- Konkurransar i 2020 og planlagde konkurransar i 2021

God tilbakemelding frå brukarar i Vest-Telemark- TIS opplevast som meir smidig enn det tidlegare BTVsamarbeidet.

Bil-leasing vart drøfting. Her er det store variasjonar i marknaden då det er så mange ulike produkttilbod. TIS vil difor gå i dialog med kommunane i forkant av ein konkurranse.

Håp om å styrke bemanninga ved m.a. å få med renovasjonsselskapa.

Fleire av kommunale selskap nyttar konsulentselskap i innkjøpsprosessar.

Søknad om innsamling av avfall

Søknad om innsamling av avfall V/Øystein – sjå tildegare utsendt vedlegg

Franzefos søker om løyve til å samle inn hushaldningsavfall.

Må svare ut.

Renovest har svart ut på vegne av dei 5 kommunane.

Kan vi få gjort det billigare enn i dag?

Kommunane har eigenregi på innsamling gjennom Renovest.

Franzefoss – innsamling utan kostnad??

IATA har fått sama henvending og har svara at det ikkje er aktuelt.

Mangelfull informasjon frå Franzefos. Dei må melde seg på når tenesta ligg ute på anbod. Ynskjeleg å kalle Renovest inn i til eit eigarmøte.

Eigarstrategi VTK

Tilbakemelding frå innleiande møte mellom Thema consulting og Øystein/Jan + vidare arbeid
Førebuing av møte med VTK ved adm.direktør.

VTK AS og VTK Holding, blir ny eigarstruktur. Dette er vedteke i kommunestyra.

Må omtale VTK-lånet og utbyttepolitikken.

Avkastingsgraden er 1,5 milliardar minus 300 mill= 1,2 milliard.

Skulle hatt opp mot 5 mill i avkasting. Manglar nokon millionar i avkasting. Dette må drøftast.

VTK ynskjer at overskotet skal ligge i selskapet istadenfor at det skal gå til kommunal tenesteproduksjon.

Kjetil Kvåle utarbeidar no ei utrekning på lånet. Det er meir fordelaktig skattemessig å ta ut rente på lånet istadenfor utbytte.

Må utarbeide ein eigarskapsstrategi som er god å leve med for kommunane.

Bør fusjonere inn nettselskapet.

Kva inneber ein utbyttepolitikk på meir enn 50% ? Og kva vil dette vil bety samstundes som ein er ansvarlege eigarar.

Få utrekna ulike modellar som syner fordeler og smertegrenser, og som er i tråd med lovverket.

Møtekalender 2021

Satsar på 4 møte i året + adhoc ved behov.

1-2 mars NAV og VTK

Eventuelt

- Digitaliseringskoordinator- fast frå 2022?

Skjer ting fort, utfordrande utan ein felles ressurs på digitalisering.

Integrere IKT med kommunal drift.

Vinje og Kviteseid har ikkje sett av midlar til ein felles ressurs. Må samkøyre seg betre.

VTDS fungerer.

Må lyfte seg i lag.

Konklusjon: Då kun tre av seks kommunar har lagt fast stilling som digitaliseringskoordinator inn i sin økonomiplan frå 2022, vert koordinatorstillinga ikkje lyst ut på nytt att. Det er midlar i rådet til å framhalde med digitaliseringsprosjektet ut 2021.

- Digiorden- opplæring og utrulling-våren 2021

Digiorden må rullast ut i alle kommunane i 2021. Opplæring for aktuelle personar i tre dagar i kvar kommune våren 2021. Anne koordinerar opplæringa i samråd med rådmenn og Erling Rønnekleiv.

- Digi-helse-implementering og utrulling i 2021

Mange ting som skjer. Implementering av Digi-helse blir sett på vent.

Konklusjon: Prioritere DigiTV og Digiorden fyrste halvdel.

Vinje sjekker ut e-byggesak og nytt saks/arkivsystem.

- **Felles klimaplan-**

Oppmøding om å bistå kommunes ressursperson(ar) i arbeidet, uformelle drøftinger i lunsj, engasjement og innspel frå alle i kommunen

Forskrift brann : stordrift og sameige. St.melding – helhetlig ledelse

Drøfting av uttale

Dimensjonering av bemanning i 6-kommunarssamarbeid-styrking med tre tilsette på brann- og beredskapsleiing.

Eit svar frå RU og Ole John kan bli gitt i samarbeid.

- Viktig å vite kva dei som har skoa på tenkjer
- Er nok litt distriktpolitikk.
- Utsett fristen for å svare- det er ei sentral forskrift- krevjande for småkommunar.
- Får kanskje ein anna modell enn det vi har i dag.
- Frist for høyringsuttale til dimensjoneringsavtale 15. januar 2021.
- Ole John bes om koma med sine moment i ein epost til rådmenn.
- Frid tar kontakt med Ole John med kopi til ordførar for å vise at ein er på ballen.